



Sveinung Ryland
Balane 30
5108 HORDVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/7205 - 22/81720

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
27.10.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 60/25 Langenes

Tiltak: Utslepp
Byggjestad: Gbnr: 60/25
Tiltakshavar: Sveinung Ryland
Ansvarleg søkjar: Klaro Renseanlegg Norge As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 05.10.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. **Verneområde.** Eigedomen din ligg innanfor Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde. Utlegging av leidning i sjø og utslepp av avløpsvatn krev dispensasjon frå verneforskrifta. Det er Statsforvaltaren i Vestland som kan gje dispensasjon. Før kommunen kan handsame søknad om utsleppsløyve må det liggje føre godkjenning frå Statsforvaltaren.
2. **Tiltak i sjø.** Utlegging av leidning i sjø skal godkjennast av Bergen og Omland Farvassforvaltning IKS. Arbeida kan ikkje setjast i gang før dette ligg føre.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **30.11.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av forureiningsforskrifta § 12-5.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og filsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Klaro Renseanlegg Norge As

Porsveien 12

4994

AKLAND

Mottakarar:

Sveinung Ryland

Balane 30

5108

HORDVIK